Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 4/4

Fylke: N. Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Verdal

Emne: Veving

Bygdelag:

Oppskr. av: Johs. Dahle 84 år

Gard:

(adresse): Verdal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter mange som visste lite.

SVAR

1 Til ytterklær for menn brukte dei
vadmel, som var av heil ull. Ved
spinding til renning trødde dei rakks-
hjulet til venstre og til islett, som
dei kalla varp trødde dei mot høgre.
Til vadmel brukte dei som regel 11 passm-
skei. Basme uttales her passm. I ein
passm var det 60 tråder og brukte dei
dobbel tråder vart det 30 maker.
Ein vadmelsvev måtte vera henimot
5/4 aln breid, for han gjekk saman mykje
under stampinga. Lengda på veven
vart no etter som dei hadde garn.
Til underklær att karar var frå gamalt
strie til underskjorte, er no heilt avlagt,
da det vart skjorter av bomullerret,
og overskjorte av halvull vove i veng,
slikt vart også brukt til underbukser.
Til 1 alen gjekk det omlag 2½ mark til
renning og likeens til islett. Kvinnene brukte
omlag same slag ty til underklær.
2 Uttre kvinnekler var for det meste
av halvull, men ikkje i veng.
Når dei såg ei mønster som dei lika,
fekk dei seg ein lapp av tyet og etter denne

9490

og etter denne ~~tok~~ tōk dei so til å spinne og farge og vove med kamelgarn til renning og dels ull ~~etter~~ ~~[illegible]~~ til islett. Dei vov både rannått og rutatt tildels med mange fargar.

3 Understøy for kvinner var av same slag som for menn tildels med litt anna mønster. Underskjørt var aftre rannått: og snøliv likeså

4 Til sengeumhang vart det vove nokso helst langrannott av kamelgarn.

5 Sengetøy var som regel halvull, ikkjo reint altid tverrannott raudt og kvitt.

6 Duker og servietter av lin i dreill, og tildels i damask.

7 Handklær anten av strie eller lin, med ymse slag mønster.

8 Åkler, renning av kamull med ull til islett i mangfoldige mønstre og vevemåter